

KAPITTEL 6

Metodar for kollektiv mobilisering i samfunnsarbeid i Noreg og Sverige

Inger Helen Midtgård

Høgskulelektor, Institutt for velferd og deltaking, Høgskulen på Vestlandet

Päivi Turunen

Universitetslektor, avdelningen för socialt arbete och kriminologi, Høgskolan i Gävle

Abstract: This chapter is based on a qualitative study with an exploratory design and includes two data sources, a selection of method literature and an online questionnaire on use of methods among Norwegian and Swedish practitioners. The aim of this chapter is to discuss methods and challenges for collective mobilisation within community work by comparing methods used in Norway and Sweden. In total, 19 professionals and activists from three sectors of society (public, civic and private) participated in an online questionnaire. The participants had diverse occupational or academic backgrounds, engaged in social development and development work in multiple ways, from community development to public health work, youth work and voluntary work, in both urban and rural environments. The results of the study show a diversity of methods that can be used for collective mobilisation, including aims of dialogue, co-operation and strengthening co-creation. However, in Norway methods were used more systematically than in Sweden, where methods were more fragmented. The participating Swedes put focus on practical activities and participation, while the Norwegians emphasized their experiences of structured methods and adaptations to the selected purpose. The results also show that the practitioners did not put emphasis on collective mobilisation, but on participation, relationships, dialogue, co-operation, and co-creation. Our findings indicate that current societal challenges call for further development of methods for both social collectivisation and collective mobilisation, instead of individualisation.

Keywords: community work, collective mobilisation, dialogue, participation, relationships, methods

Sitering: Midtgård, I. H. & Turunen, P. (2022). Metodar for kollektiv mobilisering i samfunnsarbeid i Noreg og Sverige. I G. Ågotnes & A. K. Larsen (Red.), *Kollektiv mobilisering: Samfunnsarbeid i teori og praksis* (Kap. 6, s. 141–167). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.168.ch6>
Lisens: CC-BY 4.0

Innleiing

I dette kapitlet vil metodar for kollektiv mobilisering i samfunnsarbeid bli presentert, og utfordringar knytt til kollektiv mobilisering diskutert og problematisert. Kapitlet baserer seg på ein kvalitativ analyse av to datakjelder: a) ein gjennomgang av utvalt metodelitteratur og b) eit nettbasert spørjeskjema om metodebruk blant praktikarar i Noreg og Sverige. Målet er å kasta søkelys over og diskutera aktuelle metodar og metodebruk for kollektiv mobilisering for å kunna få ein djupare kunnskap på området, ikkje å presentera nokon totalstudie av dei eksisterande metodane for kollektiv mobilisering. Metodar i dette kapitlet refererer til arbeidsmetodar som kan nyttast i ulike former for sosialt utviklings- og endringsarbeid, der samfunnsarbeid er ei av tilnærmingane. Det finst både tradisjonelle og nye metodar som kan vera meir eller mindre strukturerte, i form av tydelege manualar, steg og fasar.

Samfunnsarbeid er mangfaldig og omfattar mange ulike tilnærmingar, perspektiv og spesialiseringar, frå lokalsamfunnsutvikling og sosial planlegging til sosial mobilisering, der ulike metodar vert brukt (Hutchinson, 2022; Sjöberg & Turunen, 2018; Twelvetrees, 2017). Målet kan vera å førebyggja eller løysa samfunnsproblem frå manglande arbeid og bustad, service, aktivitetar, deltaking, fellesskap, tryggleik eller kollektiv mobilisering. Grunnleggande i samfunnsarbeid er at menneske kollektivt går saman om å identifisera behov og problem eller urett, basert på felles identitet og interesse i samfunnet, for i neste steg å saman med andre handla for sosial utvikling og endring (Ronnby, 1992, 1994; Sjöberg & Turunen, 2018, 2022; Twelvetrees, 2017).

Kollektiv mobilisering kan oppfattast på mange ulike måtar, som sosial mobilisering, men også som politisk mobilisering (sjå også kapittel 1 og 2). Kollektiv handling og mobilisering er eit viktig perspektiv i samfunnsarbeid, men førekjem også i andre samanhengar, slik som i sosial mobilisering av marginaliserte og diskriminerte grupper i sosialt arbeid (Denvall et al., 2016), eller innan frivillig sektor (Stadsmissionen, 2022). I samfunnsarbeid kan kollektiv mobilisering ha som formål å støtte menneske i deltaking og organisering i saker dei har til felles, også av meir politisk karakter for å rette merksemda mot urett og fremja sosial

rettferd for undertrykte og ekskluderte grupper (Ronnby, 1992; Sjöberg & Turunen, 2018, 2022).

Internasjonalt finst det eit stort utval av metodar som kan nyttast til varierende formål, frå strukturert møteorganisering til å setja i verk ulike former for utviklings- og endringsarbeid (Denvall & Salonen, 2000; Holman, 2012; Turunen, 2013). I dette kapitlet vil me beskriva nokre av desse metodane slik som *asset-based community development* (ABCD), Framtidsverkstad, Fotostemme, *Open Space* og *World Café*. Desse metodane er dei som går igjen som mest brukte i svara me fekk i spørjeundersøkinga blant norske og svenske praktikarar.

Dei tradisjonelle tilnærmingane brukt i samfunnsarbeid er breie tilnærmingar eller metodar, som til dømes nabolagsarbeid (å skapa kontakt og møtepunkt), organisasjonsarbeid (gjera deltaking, samarbeid og organisering mogleg), sosial planlegging (å delta i samfunnsplanlegging og leggja sosiale aspekt til grunn for samfunnsplanlegginga), aksjonsretta arbeid (å leggja til rette for aksjonsretta handlingar) og aksjonsforskning, der forskning og endringsarbeid går føre seg samstundes. Som me skal kome nærmare inn på seinare, viser forskning også at utviklinga dei siste tiåra innan samfunnsarbeidsfeltet har gått mot auka diversifisering av aktørar, arenaer og metodar (Hutchinson, 2022; Ronnby, 1992; Sjöberg & Turunen, 2022; Turunen, 2013).

Slik me har vist til ovanfor, finst det mange dokumenterte metodar. Me stiller her spørsmålet om dei kan vera metodar for kollektiv mobilisering? Dette vert problematisert med mål om å skapa diskusjon om metodar og kva konteksten har å bety for metodeval og metodebruk. Den komparative tilnærminga mellom Noreg og Sverige har som siktemål å både synleggjera endringar og utviklingstrekk og å utvida perspektivet på og kunnskapen om metodar og metodebruk.

Bakgrunn

Historisk sett har samfunnsarbeid liknande bakgrunn både i Noreg og Sverige. Samfunnsarbeid vart innført som ei tilnærming og ein metode i moderne sosialt arbeid kring 1970. Sidan 1980-talet har utviklinga gått i retning mot meir differensiering i og mellom dei respektive landa

(Turunen, 2004, 2009, 2020). Det manglar i dag eit heilskapsbilete over det nordiske samfunnsarbeidets situasjon og over metodeutviklinga i heile Norden, i tillegg til empirisk forskning på området. Trass nokre forsøk på å samskapa kunnskap på området er det mykje som står igjen før me kjem dit (Breivik & Sudmann, 2015; Sjöberg & Turunen, 2022).

Å arbeide med ulike former for samfunnsproblem og med menneske i ulike kontekstar, frå spreiddbygde strøk til utsette forstader, bydelar eller byar, krev i tillegg til generell kunnskap også ein særskilt kunnskap. Det handlar om kartlegging av dei lokale forholda og ressursane, både fysiske og i form av tilgjengeleg sosial kapital. Kunnskapen handlar både om å ta utgangspunkt i respektiv kontekst og å gjera medvitne val i bruk av metodar i samhandling med dei det gjeld. Slikt arbeid krev også ein sensitivitet og ei tilpassing. Målet med samfunnsarbeid er å førebyggja eller løysa samfunnsproblem som kan handla om alt frå manglande arbeid og bustad, service, aktivitetar, deltaking, fellesskap, tryggleik til kollektiv mobilisering.

Av dei metodar som er i bruk, finst styrkebaserte tilnærmingar for utvikling av lokalsamfunnet, slik som *asset-based community development* (ABCD) (Kretzmann & McKnight, 1993), kreativ brainstorming og framtidsverkstad (Denvall & Salonen, 2000), fleire ulike metodar for medborgardialog (Sveriges Kommuner och Regioner, 2022), samskaping og tryggleiksvandringar (Brottsförebyggande rådet 2020). Desse metodane vert i kapitlet diskutert som særskilde eller strukturerte, dei har tydelege manualar, steg og fasar for bruk i prosess i møter, nettverk, samskaping, sosial innovasjon eller kollektiv mobilisering. Men i diskusjonen om metodar er det viktig å minna om at samfunnsarbeid ikkje berre er ein metode eller teknikk, men byggjer på eit heilt kunnskaps- og haldningssett som føreset medvit om menneske- og samfunnssyn, og etikk.

Demokrati, deltaking og medverknad er sentrale verdiar og prinsipp i samfunnsarbeid. Dialogbaserte metodar er brukt for å sikra desse verdiane i det faglege arbeidet (Breivik & Sudmann, 2015; Hutchinson, 2015, 2022; Sjöberg & Turunen, 2018, 2022). Sidan har desse metodane gradvis også vorte del av offentleg sektors arbeid innan folkehelsearbeid, eldreomsorg, kultur, frivillig sektor og sosialt arbeid. Dette vert diskutert meir inngåande i kapittel 5 i denne boka, der fem norske stortingsmeldingar er gjennomgått. Gjennomgangen viser at deltaking og medverknad

i liten grad vert problematisert og operasjonalisert. Dei som set i verk deltaking og medverknad, har få retningslinjer eller manualar for korleis gjennomføre mobilisering (sjå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014).

I Noreg som i Sverige inngår medverknad og deltaking som mål og ideal i statlege offentlege utgreiingar og lovverk. Dette vert knytt opp til samfunnsplanlegging og samarbeid mellom individ og organisasjonar, i alt frå fagleg arbeid i sosialtenesta til implementering av FN's berekraftsmål (sjå tildømes SOU 2000:1; SOU 2020:47). Interesseorganisasjonen Sveriges kommunar og regioner (2022) har sidan 2006 tilrådd medborgardialog som metode for å fremja medborgarane sin sjanse til medverknad og deltaking i utvikling av eige lokalmiljø. Mål og metodar for medborgarmedverknad og deltakardemokrati i Sverige skriv seg attende til 1960-talet, men trass i lover og tilrådingar har deltakardemokrati ikkje vorte ein fast etablert praksis i kommunar og i regional verksemd (jamfør Brusman & Turunen, 2018; Sveriges Kommuner och Regioner, 2022). Liknande problematikk finn ein i norske kommunar, der få har ein praksis som forhold seg til anna enn lovens minimumsnivå til medverknad til dømes i kommunalt plan og utviklingsarbeid (Kommunal- og moderniseringsdepartementet, 2014, 2020), og medverknad inneber sjeldan bruk av strukturerte metodar.

Også i den norske maktutgreiinga vart det peika på at demokrati som eit system for samtale og deltaking, og der sjølve dialogen er det viktigaste, er ei ambisiøs og krevjande form for demokrati (NOU 2003:19). Diskusjonen om deltakande demokrati er framleis viktig for alle typar av metodar og dei utfordringane det gjev med omsyn til kollektiv mobilisering. Det føreset dialog, deltaking og handling. Denvall og Salonen (2000, s. 30) som undersøkte deltakardemokratiske metodar slik som Framtidsverkstad, *Open Space*, scenariometodar med fleire har funne desse felles trekka:

- dialogen vert sett i sentrum
- alle dei som det aktuelle temaet er viktig for, anten det er personar eller organisasjonar, vert invitert til å delta
- dei byggjer på eit lengre tidsperspektiv: dåtid, notid og framtid

- dei fremjar handling og aksjon og har reglar og struktur for å skapa fridom og tryggleik
- dei kombinerer rasjonell og logisk analyse med det kreative og nyskapande
- dei legg til grunn eksterne leiarar som støttar i prosessen
- dei utfordrar inngrodde tankestrukturar og handlingsmønster

Studiens forskingsdesign og forskingsmetode

Dette er ein kvalitativ studie med eit eksplorativt design og omfattar to datakjelder, ein seleksjon av metodelitteratur og eit nettbasert spørjeskjema om metodebruk blant praktikarar (sjå tabell 6.1).

Utval av metodelitteratur er basert på det som er tilgjengeleg innan fagfeltet (sjå tildømes Denvall & Salonen, 2000; Holman, 2012; Turunen, 2013) som me har studert og brukt som utgangspunkt og referansepunkt for studien. Nokre av dei mest sentrale metodane som praktikarane nytta, er eksemplifisert i neste avsnitt.

Utvalet i spørjeundersøkinga var eit «bekvemmelighetsutvalg». Kontakt vart teke med personar som kapittelforfattarane kjende til arbeidde med ulike former for utviklings- og endringsarbeid innan lokal(samfunns)utvikling, planlegging, sosialt førebyggjande arbeid, folkehelsearbeid, områdesatsing, organisasjonsutvikling eller aksjonsforskning i urbane og rurale miljø (jf. Sjöberg & Turunen, 2018). Dei som vart spurde, er anten tilsette eller frivillige i offentleg, sivil eller privat verksemd. Spørjeskjemaet vart sendt til 24 personar i 24 ulike organisasjonar, 10 i Noreg og 14 i Sverige. Målet var ti svar frå kvart land, men i Sverige vart fleire organisasjonar kontakta for å få inn nok svar. Til slutt svarte 19 personar på undersøkinga, 10 frå Noreg og 9 frå Sverige. 15 kvinner og fire menn, to menn frå kvart land. Fleirtalet var over 50 år, og yrkesbakgrunnen var mangfaldig. I Noreg dominerte svara frå offentleg sektor (seks), medan det i Sverige var fire svar frå offentleg sektor og eitt frå eit allmennyttig bustadselskap, og fire frå foreiningar, tre i landsbygdsmiljø og ein i bymiljø. Undersøkinga har ei spreiding og eit mangfald, noko som me tolkar som eit uttrykk for den differensieringa som skjer på samfunnsarbeidsfeltet i Norden.

Både spørsmål og samandrag av resultat frå spørjeundersøkinga vert presentert i tabell 6.1 i appendiks. Gjennom sortering, strukturering og redusering av materialet, som vart først samla i autentisk form i ein tabell, oppdaga me tema og mønster. Sluttanalysen er gjort i forhold til studiens forskingsspørsmål. Praktikarane er her spurt om kva for arbeidsmetodar dei i organisasjonen har for å setja i gang sosial utvikling og forandring, grunngeving for kvifor dei brukar desse metodane, om dei brukar fleire metodar samstundes og kvifor, om dei tilpassar metodane, om dei gjer bruk av eigenutvikla metodar, kva for metodar dei finn kollektivt mobiliserande, kva samfunnsutfordringar dei møter i sitt arbeid, kva teoriar og perspektiv som ligg til grunn for metodebruken, kva resultat dei har oppnådd med bruk av metodane, kva lærdom dei har gjort seg, og korleis metodane kan vidareutviklast for kollektiv mobilisering.

Teoriar og perspektiv på metodar for kollektiv mobilisering

Teoridanninga både i samfunnsarbeid og metodelitteraturen er både brokete og eklektisk, og har til felles at forfattarane hentar inspirasjon frå fleire ulike stader. Dei strukturerte metodane, som har tydelege manualar og fasar, er i stor grad basert på *system-* og *managementteoriar*.

Teoriretningane i samfunnsarbeid kan kategoriserast på ulike måtar. Sjöberg og Turunen (2018) har delt dei inn i pluralistiske, samfunnskritiske og feministiske teoriar. Dei pluralistiske praksisteoriane har fokus på arbeidsmetodar og ferdigheiter, medan dei samfunnskritiske og dei feministiske teoriane inneheld kritisk teori om både samfunnsutvikling og kjønns- og maktordning. I dette kapittelet har me lagt til grunn ei praktisk-teoretisk tilnærming på metodebruk.

For å nærma oss kapittelets temametodar for kollektiv mobilisering er det kan henda viktig først å problematisera kva me meiner med ordet kollektiv i metodesamanheng. Kollektiv vert forstått som ei gruppe menneske med felles interesser. Det finst ulike former for kollektiv frå bufellesskap til kooperasjonar. I politisk teori kan diskusjonen mellom individualisme og kollektivismen historisk sporast til liberalismen og sosialisme, sjølv om det også er andre orienteringar, som sosial liberalisme

som overskrid dikotomien (Larsson, 1994). Innan kollektivismen vektlegg ein mennesket som gjensidig medavhengig i staden for uavhengig av andre. I samfunnsarbeid ligg fokus på fellesskap og å mobilisera menneske med felles interesser til kollektiv handling (Sjöberg & Turunen, 2018, 2022), dette føreset eit «kollektiv», noko som er meir enn ei tilfeldig samling menneske (Sudmann & Henriksbø, 2011). Det handlar om skapte sosiale fellesskap i tid, rom og stad, der samhandling oppstår når menneske møtest (Polletta & Jasper, 2001). I samfunnsarbeid finst det ulike ideologiske perspektiv og retningar, frå konservatisme til marxisme og feminisme, frå religiøs veldedigheit til politisk mobilisering (Poppo, 2015). I den politiske retninga har fokus vore på kollektivet, der kollektiv identitetsbygging og mobilisering av «avmektige grupper» har stått sentralt, ut frå sosiale og humanistiske perspektiv (Ledwith, 2016; Ronnby, 1992). Seinare er også økososiale perspektiv inkludert i kollektiv mobilisering for økologisk og sosial berekraft (Barthel et al., 2021). I samfunnsarbeid har metodane for kollektiv mobilisering til formål å gje handlingsrom og plass for grupper av menneske slik at dei kan møtast, diskutera sine behov og interesser, og saman handla for noko som dei i fellesskap opplever som viktig.

Eit aspekt som også kjem kollektiv mobilisering ved, men som ikkje eksplisitt har vore diskutert i samfunnsarbeid, er teoriar om kollektiv evne. Kollektiv evne er på ny aktualisert i arbeidsliv, kunnskapsintegrasjon, kriminalitetsførebyggjande arbeid og berekraftig utvikling (Gerell et al., 2018). Kollektiv evne inkluderer tanken om kollektiv styrke med koplingar til Putnam (2000) bruk av omgrepet sosial kapital (sjå også kapittel 1, 2 og 4). Kollektiv evne legg vekt på relasjonar, interaksjon, samhald og tillit til andre, samt den evna som menneske saman kan utvikla for å takla felles problem som oppstår, til dømes i eit bustadområde (Gerell et al., 2018). Slik me ser det, føreset kollektiv mobilisering også at gruppa har ei kollektiv evne til å kunna handla saman. Eit kollektiv er ikkje ein anonym masse (eit hav av menneske), men ei gruppe einskildpersonar som er i stand til å kommunisera med kvarandre og samarbeida om ei felles sak, i hovudsak på mesonivå, mellom individ og samfunn. Ifølgje Ronnby kan kollektiv mobilisering i samfunnsarbeid ikkje skje om ikkje ei «grupp i sig» blir til ei «grupp för sig», det vil seie bli til ei gruppe som er medveten om felles

behov og interesser kva gjeld gruppeorganisering og handling (Ronnby, 1992, s. 78). Ei gruppe kan vera i same situasjon, men ikkje kjenne på fellesskap eller felles interesser for å handla kollektivt saman for utvikling eller endring. Først når dei tek til å samarbeida om dei problema og dei forholda dei vil utvikla eller endra i lag, kan dei verta «en grupp för sig», ifølgje Ronnby (1992). Dette kjem me attende til seinare i kapittelet.

Utviklingstrekk: Frå tradisjonelle til spesifikke metodar

Me finn det tenleg å peika på nokre sentrale utviklingstrekk ved metodebruk i begge land. Metodar brukt innan samfunnsarbeid har som vist innleiingsvis gått i retning frå dei meir tradisjonelle metodane til auka bruk av strukturerte metodar, slik som ABCD og Framtidsverkstad, med tydeleg struktur, steg og prinsipp, eller manualar.

Metodane har i hovudsak vore brukt strategisk for å opna opp for nye handlingsrom og kreativ nytenking. Formålet har vore å metodisk utvikla, kvalitetssikra eller effektivisera samfunnsarbeid i praksis, alt frå utviklingsarbeid til kollektiv mobilisering (Agdal et al., 2019; Holman, 2012; Turunen, 2013). Felles for dei fleste strukturerte metodane er at dei føreset profesjonelle prosessleiarar og samfunnsarbeidarar som tar rolla som vert eller fasilitator. Dei har til oppgåve å tilretteleggja, understøtta og dokumentera prosessar. Nedafor eksemplifiserer me nokre av desse metodane som fleire i spørjeundersøkinga rapporterte om.

Asset-based Community Development (ABCD) er ei amerikansk utvikla tilnærming som vert brukt på alle kontinent og byggjer på tre prinsipp: 1. ABCD er innbyggjarstyrt, ved at innbyggjarane kartlegg egne ressursar og behov og leiar samarbeidet med eksterne partnerar. 2. ABCD er relasjonsorientert, med mål om å byggja lokale nettverk og sosial kapital. 3. Tilnærminga er styrkebasert, med vekt på innbyggjarane sine ressursar (Kretzmann & McKnight, 1993). Kjernen i ABCD er å mobilisera innbyggjarar til å oppdaga egne ressursar og gjennom dette styrka sine nettverk og å byggja lokal kapasitet (Kretzmann & McKnight, 1993; Russell, 2021). ABCD er meir ei tilnærming enn ein metode, og i

ABCD-arbeidet vert det nytta ei rekke metodar, som til dømes *Open Space*, Fotostemme og *World Café*. Prinsippa for ABCD er basert på studiar av prosessar i nabolag som klarte å endra kursen frå ei negativ til ei positiv utvikling i lokalsamfunnet i USA på 1980-talet (Aigner et al., 2002). Særleg i Noreg har ABCD vorte teken i bruk i aukande omfang dei siste åra (Agdal et al., 2019; Bergem, 2020).

Framtidsverkstad er ein handlings- og framtidsretta metode som har vorte importert frå Tyskland og vidareutvikla i mange land, mellom anna i Sverige (Denvall & Salonen, 2000) og seinare i Noreg (Dahlback & Hansen, 2015). Framtidsverkstad har ulike fasar som er namngitt på ulike måtar, men inneheld: førebuing-, kritikk-, fantasi-, forankrings- og oppfølgingsfasar. Kritikkkfasen handlar om å diskutera og definera problem, fantasifasen om å oppdaga kreative moglegheiter og formulera idear om kva som kan gjerast, medan forankringsfasen har til formål å saman bestemma kva som må gjerast. Oppfølgingsfasen har til formål å følgja opp og halda i gang prosessen. Metoden er særmerkt for bruk av kreative innslag og er i bruk i foreiningar, forvaltning og føretak, og har vore beskriven som ein metode for å «bryta vanens makt» (Denvall & Salonen, 2000; Turunen, 2013).

Open Space er ei møteform som opphavelig vart initiert av Harrison Owen på 1980-talet som eit alternativ til tradisjonelle konferansar, då han merka seg at energien var størst i pausane når folk snakka saman. Metoden, som på engelsk vert kalla for *Open Space Technology*, har til formål å la deltakarane bestemma saklista og kva som skal diskutera. Metoden kan brukast med grupper frå to til fleire tusen personar, men er spesielt tilpassa større grupper. Utanom dei to faste punkta kaffi og eventuelt vert dagsorden skapt av dei som tek del. Likevel har metoden nokre prinsipp, som at: dei som er her, er dei retta personane, når det startar, er det rett tid, det som skjer, er det som kunne skje, når det er over, er det over. Og ein hovudregel: Bruk føtene. Metoden har nokre sentrale element, slik som: ein motiverande invitasjon, felles rammer for arbeidet, likeverd og transparens, di stemme – ditt engasjement, og dokumentasjon på arbeidet (Svendsen et al., 2012).

World Café eller kafédialog er ein annan møtemetode. Her vert deltakarane plassert rundt «kafébord» med ein kafévert på kvart bord. Ulike problemstillingar vert presentert på kvart bord, og fasilitator gjev beskjed når «gjestane» skal gå vidare til neste bord. Kaféverten på bordet gjev ei kort oppsummering til neste «gjestepulje» av kva gjestane som var der sist, hadde diskutert. Slik byggjer kvar kaférunde på kvarandre sine innspel, og diskusjonane vert presentert for alle i plenum til slutt. Metoden har som mål å fremja interaktiv og visjonær erfaring og kunnskapsutbyte, og å skapa noko nytt og innovativt. Grunntanken er at når menneske tenkjer og gjer noko saman, vil resultatet bli noko som er større enn kva ein kan koma på åleine. *World Café* omfattar sju fasar: å skapa ein kontekst, å skapa eit imøtekomande rom, å undersøka spørsmål som betyr og berører, å oppmuntra alle til å dela med andre, å kryssgjødsla og føra ulike perspektiv saman, å lytta og reflektera saman over ny innsikt, og å synleggjera og dela ny innsikt, mønster, spørsmål og dela nye oppdagingar. Metoden kan brukast for å setja i gang diskusjonar både blant folk som kjenner kvarandre, og dei som er ukjende for kvarandre (sjå også Ranger & Westerberg, 2004; Turunen, 2013).

Fotostemme (*Photovoice*) er ein visuell metode som også vert brukt innan forsking. Metoden har som mål å gje grupper som vanlegvis ikkje vert høyrte, slik som barn og unge, rusmiddelavhengige og menneske med nedsett funksjonsevne, ei stemme. Fotostemme er også eit kreativt verktøy for medverknad som kan nyttast i kommunale planprosessar, i tenesteutvikling og for å kartleggja ein situasjon eller eit område. Metoden har desse trinna der deltakarane presenterer: 1. Kva ser du her, der deltakarane tek bilete og presenterer. 2. Kvar er det som skjer her, vert forklart? 3. Korleis påverkar dette livet? 4. Korleis kjem denne situasjonen oss ved? 5. Kva kan me gjera med dette? Formålet er at deltakarane gjennom bilete vert engasjert, myndiggjort og kjem i dialog med dei som har avgjerdsamt. Metoden er utvikla av Wang og Burris (1997). Intensjonen er å visa til reelle utfordringar, og å bidra til å setja søkelys på desse. Fotografering og bilete dannar utgangspunkt for kommunikasjon og skal bidra til å fremja endring, både på samfunns- og individnivå (sjå også Warne, 2012).

Utviklinga av meir spesifikke metodar er i stadig endring, og i seinare tid har nye meir forretningsorienterte metodar slik som plass-samskaping (*placemaking*) og BID (*Business Improvement District*) kome til for å skapa attraktiv byutvikling (Svenska Stadskärnor, 2018; 2022), som ikkje eksplisitt har dei mest utsette eller avmektige i fokus slik som samfunnsarbeid har hatt (Hutchinson, 2022; Sjöberg & Turunen, 2018).

Resultat frå nettbasert spørjeundersøking: Varierte arbeidsmetodar og metodebruk

Felles for svara var at informantane opplever at metodane dei brukar, har effekt og fører til endring. Fleire norske svar viser til resultat og baserer metodebruken sin på eit teorigrunnlag. Metodane ser ut til å vera valt med formål, og informantane opplever at det metodiske arbeidet dei gjer, har effekt, og at metodane dei brukar har eit utviklingspotensial og er til nytte. Metodebruk fremjar likskap, inkludering, berekraft, demokrati-utvikling og som ein skriv, «ved å sleppe folk til kan det utrulege skje». Eit anna fellestrekk er at det trengst samordning og kontinuitet i verksemda for å utvikla noko nytt som er berekraftig over tid. Dei som kan visa til praktiske resultat, har arbeidd systematisk i fleire år.

Sjølv om ingen generaliserte konklusjonar kan dragast, tyder studien på at dei norske metodebrukarane er meir metodeorienterte enn dei svenske. Fleire norske som svarte, kjende til og nytta metodar slik som Framtidsverkstad, *Open Space*, *World Café* og Fotostemme. ABCD-tilnærminga var den som gjekk igjen i fleire norske svar, denne tilnærminga nyttegjer seg også av andre metodiske tilnærmingar (sjå gjerne Kenyon, 2022). Ei mogleg forklaring på metodeorienteringa i Noreg generelt og ABCD spesielt kan vera at nokon av dei spurde kommunane har teke del i det statlege norske folkehelseprogrammet som har lagt vekt på metodar for medverknad i lokalt folkehelsearbeid (Bergem, 2020; Midtgård & Agdal, under utgjeving). Tre av dei som svarar i den norske undersøkinga, er konsulentar med eige firma, som har spesialisert seg på metodar som Framtidsverkstad eller *Open Space*. To eigenutvikla metodar er i bruk i Noreg, ruslemaking og «*Use your talent*», desse

metodane er begge forenklingar av eksisterande metodar med tilpassingar til formål og målgruppe (sjå tabell 6.1).

Dei svenske svara utmerkte seg ved at dei metodane som er nemnde, er knytt til og dominert av praktiske aktivitetar som studiesirkklar, teater, bygdegard, samfunnsservice, møteplassar og samvirke/samarbeid. I to svenske svar, der den eine handla om samfunnsplanlegging og den andre om annan kommunal verksemd, vart fleire strukturerte, systemiske og deltakardemokratiske metodar nemnde, slik som maptionnaire, medborgardialog, tenestedesign, *Open Space*, Framtidsverkstad, workshops og fysiske og digitale dialogmøte. På den eine sida skriv to av dei svenske frå foreiningar at: «vi inte använder några metoder», samstundes som dei gjev fleire døme på tilrettelegging for samfunnsservice, møteplassar og aktivitetar, det vil seia meir tradisjonelle samfunnsarbeidsmetodar. Dei svarte slik sjølv om me innleiingsvis forklarar at «I denne studien betyr metodar arbeidsmåtar». Blant dei mest brukte metodane i det svenska materialet var Framtidsverkstad, *Open Space* og tryggleiksvandringar. Tryggleiksvandringar er ein svensk metode som har som formål å saman gjennomgå eit område med tryggleik som utgangspunkt. Metoden er initiert av *Tryggare och Mänskligare Göteborg* og seinare vidareutvikla av andre (Brottsförebyggande rådet 2020). Maptionnaire (*community engagement platform*) i samfunnsplanlegging var ein metode som berre vart nemnd i eitt av dei svenska svara.

Det var overraskande mange svenske svar som ikkje tok opp i seg kjende internasjonale metodar som tidlegare har vore dokumentert i bruk og kjend frå litteraturen om deltakardemokratiske og systemiske metodar i Sverige (Denvall & Salonen, 2000; Ranger & Westerberg, 2004; Turunen, 2013) og dialogbaserte metodar (Sveriges Kommuner och Regioner, 2022). Forklaringa på dette kan vera fleire, at mange saknar kunnskap om eller ikkje interesserer seg for strukturerte metodar, eller kan henda også kunnskapen om dei strukturerte metodane ikkje har spreidd seg slik som i Noreg gjennom statlege program. Samstundes har Sverige gode nettsider som gjer greie for fleire ulike metodar for dialog (slik som Sveriges Kommuner och Regioner, 2022).

I Sverige har kunnskapsutviklinga i samfunnsarbeid vore fragmentert og ført til ei polarisering mellom akademikarar og praktikarar. Ein av dei

som svara, påpeika mangelen på støtte i den akademiske verda, medan det fungerte i ein annan kommune. Den svenske situasjonen kva gjeld metodebruken, framstod som like polarisert og ambivalent som tilstanden i samfunnsarbeid tidleg på 2000-talet (jf. Turunen, 2004). I Noreg har til dømes folkehelseprogrammet vektlagt samarbeid mellom akademisk fagmiljø og utøvande praktiskarar i norske kommunar, der kunnskap om metodar har vore ei vesentleg satsing (Helsedirektoratet, 2015).

Når det gjeld spørsmål om kva metodar som vart brukt, korleis og til kva nytte, og korleis metodar for kollektiv mobilisering kan vidareutviklast, fann me fire tema:

- Det finst eit *mangfald av metodar og perspektiv*
- *At nytten låg i samarbeid og deltaking knytt til praktiske aktivitetar og forbetringar*
- Det syner seg *at sosial kollektivisering kjem som eit steg før kollektiv mobilisering*
- *At samanlikning av likskap og forskjellar utvidar og berikar*

Mangfald av metodar og perspektiv: Det var mange metodar og perspektiv som vart tekne opp. Til saman vart 50 metodar nemnde der ABCD, *Open Space*, *World Café*, Framtidsverkstad og Fotostemme var dei metodane som tydelegast kom fram i svara. Metodane vart brukt til mange ulike formål, men tok utgangspunkt i dei det gjeld sine behov og ønske for å oppnå berekraftig samfunns- eller bygdeutvikling, betre eller meir treffsikker service, førebyggjande arbeid, aktivitetar, støtte og hjelp, tillit, fellesskap, tryggleik, trivsel, demokrati, samarbeid og dialog. Representantar frå foreiningar framheva mest av alt dei praktiske aktivitetane si rolle for å oppretthalda dugnad, møteplassar, ny kunnskap og felles aktivitetar. Dei norske svara omfatta fleire metodeskildringar, men i begge landa varierte perspektiva frå praktiske aktivitetar til det meir målretta systematiske metodearbeidet.

Nytten låg i samvirke og praktiske aktivitetar. Det var *samvirke og samarbeid* som stod i sentrum for deltaking, praktiske aktivitetar og forbetringar av tenester. Dei konkrete resultatane og nytten handla om å skapa møteplassar, sikra deltaking og at dei det gjeld sine stemmer vart høyrde, å auka kunnskapen om korleis samfunnet fungerer, behalda servicetenester

(daglegvarebutikk, skule, barnehage, møtelokale, husvære), teaterverk-semd, skapa tenleg infrastruktur i eit geografisk område slik at menneske kunne møtast, bli kjend og byggja fellesskap, redusere uro, minska spenningar og maktforskjellar. Det var i begge landa varierte perspektiv på bruk, frå samarbeid til mobilisering av prosessar for utvikling og endringar, til berekraftig utvikling i bygd og by. Sjølv om dei norske svara omfatta fleire metodeskildringar enn dei svenske.

Ein av dei norske skriv at: «alle metodar er kollektivt mobiliserande». I hovudsak var det likevel ikkje kollektiv mobilisering som stod i fokus for praktikarane, men relasjonar, dialog, samvirke, samarbeid, samspel og samskaping, fellesskap og tillit i kommunikasjon og nettverksbygging, noko som i seg sjølv er grunnleggande for alle typar sosial mobilisering av menneske og ressursar. Ordet *sosial kollektivisering* vart nemnd i eit av dei svenska svara der dei viser til studiesirkklar som eit tradisjonelt døme på metodar for kollektiv mobilisering. Studiesirkklar handlar om gruppebasert folkeopplysning som gjev rom for å læra noko saman, men også rom for deltaking og fellesskap. Fleire av svara poengterte kor viktig relasjonen var for metodeutvikling og for kollektiv mobilisering, å etablera møteplassar, mogleggjera deltaking og kommunikasjon, læring i fellesskap og mobilisering nedanfrå, ut frå dei det gjeld sine behov, problem og forslag.

Relasjonelle perspektiv er kjenneteikna, slik Aspelin (2013) påpeikar, av ei interesse for kva som skjer menneske imellom, det vil seia det interaksjonelle i ei gruppe eller i eit system. Dette perspektivet handlar både om sosiale relasjonar og sosiale prosessar i samfunnslivet lokalt og globalt. I ein djupare analyse av svara fann me at sosial kollektivisering utgjorde ei meningsberande oppdaging som fekk oss til å reflektera over kollektiv mobilisering meir inngåande.

Kollektiv mobilisering som svar på samfunnsutfordringar?

Som svar på spørsmål om kva som er dei store samfunnsutfordringane for tida, spente svara frå miljøtrugsmål, økonomi, sosial ulikskap, ressursmangel, bygdene sin sjanse til å overleva, uro for barn og unge, deltaking og stemme for utsette grupper, vilkåra for frivillige, gjengkriminalitet,

psykiske og fysiske helseutfordringar, forvitring av fellesskap, rusmiddelbruk og utrygge buområde til usikker framtid.

Men skal slike presserande spørsmål bli ei felles sak, treng folk å kunna møtast, snakka om sine behov og problem og få til samhandling før kollektiv mobilisering kan bli realisert. Døme på kollektiv mobilisering er dokumentert i samfunnsarbeid sidan slutten av 1800-talet, sjølv om metodane frå den tid ikkje er beskrivne eksplisitt, slik som i metodelitteraturen frå 2000-talet. Kvar tid har sine problem, men like fullt er det framleis fattigdom og sosial ulikskap som er varige problem og som skapar behov for samfunnsarbeid og utvikling av ulike metodar og metodebruk (Holman, 2012; Hutchinson, 2022; Sjöberg & Turunen, 2018).

Det historia til samfunnsarbeid viser, er at møteplassar, slik som settlementhus, nabolagshus og by-stover, utgjør grunnlaget for dei sosiale prosessane som stegvis leiar til kollektiv mobilisering gjennom nabolagsarbeid, organisasjonsarbeid, sosial planlegging, aksjonsretta arbeid og aksjonsforskning (Turunen, 2004, 2013, 2020) (sjå også kapittel 3). Dess meir komplekst samfunnet har vorte, dess meir etterspurde har dei strukturerte metodane med sine tydelege manualar, fasar og prinsipp for å kunna handtera komplekse spørsmål meir systematisk, metodisk og innovativt vorte (Amdam, 2021; Jordan, 2016; Turunen, 2013). Problemløysing i det verkelege livet føreset meir enn å berre snakka om kollektiv mobilisering som mål. Kollektiv mobilisering kan realiserast, som kapittelet viser, ved hjelp av aktivitetar, men også ved hjelp av spesifikke strukturerte metodar. Dette krev kunnskap og erfaring, ferdigheiter og etikk i implementeringa, men også eit medvit om risiko. Arnsteins (1969) deltakingstige frå manipulasjon til genuint medborgarskap er framleis aktuell som eit verktøy for å analysere og kunna førebyggja manipulerande bruk av metodar. Om metodebruk vert eit mål i seg sjølv, kan det leia til redusert tillit og medverknadstrøtleik, og ein risiko for at deltaking vert det nye tyranniet (sjå også kapittel 5).

Metodeutvikling for kollektiv mobilisering i teori og praksis

Analysen av svara frå spørjeundersøkinga viste seg ikkje å handla så mykje om kollektiv mobilisering som me hadde forventa. Dette kan

skuldast at omgrepet ikkje er så tydeleg. Men svara gav oss idear om korleis metodeutvikling for kollektiv mobilisering kan utviklast, der både aktivitetar og strukturerte metodar kan nyttast. Når det gjeld metodar for kollektiv mobilisering, tok dei som svarte, opp aspekt som behov for å vera open, tydeleg og inkluderande i måten å arbeida på, auka tilitt, byggja nettverk, samordna, koordinera samt å bidra til utvikling og forandring. Når det gjeld spørsmål om kva teoriar og perspektiv som ligg til grunn for arbeidet dei gjer, tok heller ikkje praktikarane opp så mange teoriar og perspektiv som er kjende innan metodelitteraturen, men blant nemnde teoriar var berekraft og urban design, menneskerettar, systemisk tenking, folkehelsearbeid og interseksjonalitet. Ein av dei som svarte, peika på at praktisk utøvande ikkje var teoretikarar, men praktikarar.

De fleste metodane og aktivitetane som vart nemnde har som mål å auka deltaking, mogleggjera dialogiske møter, bidra til felles læring, fellesskap og samskaping. Dette kan beskrivast som sosial kollektivisering og gje svar på presserande spørsmål i samfunnet og prosessar i urbane og rurale strøk. Før kollektiv mobilisering kan realiserast, trengst sosial kollektivisering, der ei «grupp i sig» kan bli til ein «grupp för sig» (Ronny, 1992). Resultat frå studien viser at dette gå føre seg gjennom aktivitetar og ulike metodar. For at sosial mobilisering skal kunna skje, trengst møteplassar og aktivitetar der menneske kan samlast og delta. Møteplassar og deltakardemokratiske metodar i seg sjølv inneber ikkje utveksling og forandring, om ikkje menneska det gjeld, går saman og handlar for eit felles mål. Sjølv spørsmål og evner må kollektiviserast i ein medviten og systematisk prosess der strukturerte metodar kan nyttast, for å leggja grunnlag for diskusjonar og analysar av aktuelle spørsmål, byggje relasjonar, utveksla informasjon og erfaringar, kartleggja behov og problem, identifisera felles mål, skapa visjonar og handlingsplanar. I dette arbeidet kan både tradisjonelle og strukturerte metodar nyttast. Metodeutvikling for kollektiv mobilisering handlar til sjuande og sist om å utvikla metodar for kollektiv analyse, identitet og handling der «en grupp i sig» blir «en grupp för sig» – for å oppdaga sine mål. I samfunnsarbeid må desse alltid sjåast opp mot sentrale verdiar som humanisme, demokrati, sosial rettferd og berekraftig utvikling, men kollektiv

mobilisering kan også handla om kvardagslege aktivitetar som leksehjelp og ein stad å møta andre. Metodane som har utvikla seg og som er i bruk i dag, går, som me har sett, i retning av og er prega av samskaping og konsensusarbeid. Me fann i svara ingen døme på kritisk samfunnsteori eller radikalt samfunnsarbeid.

I denne studien har me opna ein diskusjon om metodar for kollektiv mobilisering, men me finn grunn til å presisera at denne studien har sine manglar og ikkje utgjer eit totalt bilete av røyndomen. Ein kritikk kan vera spørsmålet om det let seg gjera å samanlikna på tvers av landegrenser, sektorar, organisasjonar og stader, med ulike språk og tradisjonar for bruk av metodar og også ulik bruk og forståing av kva metodar er. Denne kritikken er rettmessig, og for oss som forfattarar har det vore ein krevjande fortolkingsprosess. Ein prosess som i seg sjølv også vart eit resultat av arbeidsprosessen vår. På den andre sida er samanliknande og utforskande studiar viktige for å setja søkelys på utviklingstrekk ved samfunnsarbeid som fag og metodar som verktøy i arbeidet. Eksplorative studiar er utforskande og problematiserande. Det finst ingen snarvegar. Samfunnsarbeidarar og forskarar i samfunnsarbeid må «grava der me står».

Konklusjon

Avslutningsvis kan me konstatera at *samanlikning av likskapar og forskjellar utvidar og berikar*. Samanlikningar tvingar forskarar til å problematisera sine egne og andre sine oppfatningar på det undersøkte området, i dette tilfellet metodar og metodebruk for kollektiv mobilisering.

Både utvalt metodelitteratur og den nettbaserte spørjeundersøkinga viser at det finst eit mangfald av metodar og aktivitetar. Det finst både likskapar og forskjellar mellom landa, organisasjonar og miljø, men også skilnader i metodeforståing, metodebruk og tolkingar av metodar for kollektiv mobilisering. Metodane i seg sjølv er ikkje kollektivt mobiliserande, men ei kollektiv evne og kollektive handlingar kan fremjast ved hjelp av metodar.

Sjølv om metodar som Framtidsverkstad, Open Space eller dialogiske kafémetodar vart brukt i begge land, gav dei norske metodebrukarane oss

eit inntrykk av meir systematisk bruk av strukturerte metodar, i alle fall i dei utvalde kommunane som arbeider med ABCD, og konsulentane som hadde valt spesifikke metodar i sitt utviklingsarbeid. Medan kommunar med områdeutvikling viste til større variasjon og nytta færre strukturerte og fleire tradisjonelle metodar. Noreg kan karakteriserast som eit systematisk metodebruksland og Sverige som eit meir fragmentert metodebruksland. Dei svenske svara viste ein markant forskjell i resonnement mellom profesjonelt tilsette og frivillige foreiningsaktive, dei norske svara var meir forvaltningsorienterte og målretta og poengterte medverknad som verdi, og kor viktig samskaping mellom offentlege, private og sivile aktørar var, dei fleste norske svara kom frå tilsette i offentleg sektor.

I Sverige har det vore skrive mykje om metodar, men metodemedvit og metodebruk av strukturerte og andre internasjonalt kjende metodar ser ut til i mindre grad å prega praksisutøvinga. Mange norske svar viser at dei har arbeidd med og teke opp i seg metoden/metodane, medan dei svenske svara la stor vekt på praktiske aktivitetar, relasjonsbygging og samarbeidets rolle. Me fann også skilnad mellom urbane og rurale miljø. Foreiningane på landsbygda er meir praktisk orienterte, der fellesskap, bygdas livsvilkår og utvikling er det sentrale. Som me ser føreset kollektiv mobilisering både aktivitetar og strukturerte mobiliserande metodar for å støtte kollektiv evne så vel som sosial kollektivisering mot felles mål. Kollektiv mobilisering er ikkje berre eit mål i seg sjølv, men også ei praktisk handling mellom menneske mot felles mål.

Dei av informantane som kan visa til praktiske resultat, har arbeidd metodisk over ein lengre tidsperiode, meir enn 1–3 år. Dei store samfunnsutfordringane, slik som segregasjon, mangelfull service eller miljøtrugsmål, kan ikkje løysast på individ- eller familienivå, eller ved hjelp av kortsiktige prosjekt når problem ein arbeider, med har vorte skapt gjennom årtider (jf. Sjöberg & Turunen, 2022). Det langsiktige samfunnsarbeidet trengst og kan ikkje erstattast av kortsiktig bruk av spesifikke metodar. Det trengst langsiktige gruppe- og samfunnsinnretta innsatsar på ulike nivå i samfunnet, frå grasrot til samfunnsplanlegging. Her har kommunane eit stort ansvar for å sjå til at lokalsamfunnsutviklinga gagnar også dei mest utsette, segregerte og marginaliserte områda og menneska (sjå også kapittel 11).

Studiens resultat viser at kollektiv mobilisering er viktig i eit levande demokrati og i ei verd der me er gjensidig avhengige av kvarandre. Metodar for kollektiv mobilisering omfattar både tradisjonelle og nye arbeidsmåtar som trengst for å arbeida for betre levevilkår og lokal-samfunn, for kamp mot ulikskap, undertrykking og for sosial rettferd, som også vedkjem spørsmål om berekraftig utvikling og fred i verda.

Vidareutvikling av metodar for kollektiv mobilisering legg til grunn, slik me ser det, eit praktisk og teoretisk medvit om korleis metodane sensitivt kan nyttast i dei respektive land, og tilpassast målgruppa og den konteksten dei vert brukt i. Ein slik erfaringsbasert sensitivitet har alltid vore sentral i samfunnsarbeid, der arbeidet tek utgangspunkt i dei det gjeld sine behov og problem i den konteksten dei står i. Svara me fekk frå praktikarane, påpeikar dette, at metodane dei brukar, vert tilpassa situasjonen og brukt på ein etisk og god måte.

Kollektiv mobilisering kan realiserast, som kapittelet viser, ved hjelp av aktivitetar, men også ved hjelp av spesifikke strukturerte metodar for å skapa samarbeid og gjera medverknad mogleg, medviten og kollektivt handlingsorientert.

Referansar

- Agdal, R., Midtgård, I. & Meidell, V. (2019). Can asset-based community development with children and youth enhance the level of participation in health promotion projects? A qualitative meta-synthesis. *International Journal of Environmental Research and Public Health*, 16(19), 3778. <https://doi.org/10.3390/ijerph16193778>
- Aigner, S. M., Raymond, V. J. & Smidt, L. J. (2002). «Whole community organizing» for the 21st century. *Community Development Society*, 33(1), 86–106. <https://doi.org/10.1080/15575330209490144>
- Amdam, R. (2021). *Kommunal handlingskapasitet. Erfaringar med ein modell for samarbeidsdriven planlegging og innovasjon* (Rapport nr. 112). Høgskulen i Volda. <https://hdl.handle.net/11250/2827480>
- Arnstein, S. R. (1969). A ladder of citizen participation. *Journal of the American Institute of planners*, 35(4), 216–224.
- Aspelin, J. (2013). *Relationell specialpedagogik: I teori och praktik*. Kristianstad University Press.

- Barthel, S., Colding, J., Hiswåls, A.-S., Thalén, P. & Turunen, P. (2021). Urban green commons for socially sustainable cities and communities. *Nordic Social Work Research*, 12(2), 310–322. <https://doi.org/10.1080/2156857X.2021.1947876>
- Bergem, R. (2020). Medverknad i lokalt folkehelsearbeid. *Michael*, 17, 199–211.
- Breivik, J.-K. & Sudmann, T. T. (2015). Samfunnsarbeid som svar på velferdspolitiske utfordringer? *Tidsskrift for velferdsforskning*, 18(1), 2–6.
- Brottsforebyggande rådet (2020). *Trygghetsvandringar*. <https://bra.se/forebyggande-brott/forebyggande-metoder/trygghetsvandringar.html>
- Brusman, M. & Turunen, P. (2018). Sosialt hållbar samhällsplanering. I Sjöberg S. & Turunen P. (Red.), *Samhällsarbete: Aktörer, arenor och perspektiv* (s. 117–138). Lund studentlitteratur.
- Dahlback, J. & Hansen, K. H. (2015). *Demokratiske læringsarenaer i aksjonsforskning: pedagogiske verksteder og framtidswerksteder*. I G. Haaland, K. Hansen, T. Løkensgard Hoel (Red.), *Tett på yrkesopplæring* (s. 131–144). Fagbokforlaget.
- Denvall, V., Heule, C. & Kristiansen, A. (2016). *Social mobilisering: En utmaning för socialt arbete*. Gleerups Utbildning AB.
- Denvall, V. & Salonen, T. (2000). *Att bryta vanans makt: Framtidswerkstäder och det nya Sverige*. Studentlitteratur AB.
- Gerell, M., Ivert, A.-K. & Mellgren, C. (2018). *Kollektiv förmåga, brott och otrygghet i Stockholms stad. Underlagsrapport*. Stockholms stad.
- Hesledirektoratet. (2015). *Grunnlagsdokument. Kartlegging og utviklingsarbeid i nærmiljø og lokalsamfunn som fremmer folkehelse*. Hesledirektoratet.
- Holman, P. (2012). *The change handbook: The definitive resource on today's best methods for engaging whole systems*. ReadHowYouWant.
- Hutchinson, G. S. (2015). *Community work in the Nordic countries: New trends*. Universitetsforlaget.
- Hutchinson, G. S. (2022). *Samfunnsarbeid: Mobilisering og deltakelse i sosialfaglig arbeid* (4. utg.). Gyldendal.
- Jordan, T. (2016). Deliberative methods for complex issues: A typology of functions that may need scaffolding. *Group Facilitation: A Research & Applications Journal*, 13.
- Kenyon, P. (2022). <https://bankofideas.com.au/>
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2014). *Medvirkning i planlegging: Hvordan legge til rette for økt deltakelse og innflytelse i kommunal og regional planlegging etter plan- og bygningsloven*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet. (2020). *Barn og unge i plan og byggesak, hvordan sikre og skape gode oppvekstvilkår for barn og unge gjennom planlegging og byggesaksbehandling*. Kommunal- og moderniseringsdepartementet.
- Kretzmann, J. P. & McKnight, J. L. (1993). *Building communities from the inside out: A path toward finding & mobilizing a community's assets*. ACTA Publications.

- <http://search.ebscohost.com/login.aspx?direct=true&db=snh&AN=SE003792&site=ehost-live>
- Larsson, R. (1994). *Politiska ideologier i vår tid* (4. utg.). Studentlitteratur.
- Ledwith, M. (2016). *Community development in action: Putting Freire into practice*. Policy Press.
- Midtgård, I. & Agdal, R. (under utgivning). Styrkar Asset Based Community Development (ABCD) deltagande i lokalt folkehelsearbeid? *Tidsskrift for velferdsforskning*, 4(22).
- NOU 2003: 19. (2003). *Makt og demokrati; Sluttrapport fra Makt- og demokratiutredningen*. Arbeids- og administrasjons-departementet. <https://www.regjeringen.no/contentassets/316f4765f7c44a2c8def9dcbd5da8f30/no/pdfs/nou20032003001900odddp.pdf>
- Polletta, F. & Jasper, J. M. (2001). Collective identity and social movements. *Annual Review of Sociology*, 27(1), 283–305.
- Popple, K. (2015). *EBOOK: Analysing community work: Theory and practice*. McGraw-Hill Education.
- Putnam, R. D. (2000). *Bowling alone: The collapse and revival of American community*. Simon & Schuster.
- Ranger, A. & Westerberg, K. (2004). *Metoder för möten: För ökat deltagande i lokalt förändringsarbete*. Miljöförvaltningen.
- Ronnby, A. (1992). Grupporganisering för handling. I K. Sundh & P. Turunen (Red.), *Social Mobilisering: Om samhällsarbete i Sverige*. Publica.
- Ronnby, A. (1994). *Mobilizing local communities* (Bd. 17). Mitthögskolan.
- Russell, C. (2021). Getting to authentic co-production: An asset-based community development perspective on co-production. I E. Loeffler and T. Bovaird (Red.), *The Palgrave handbook of co-production of public services and outcomes* (s. 173–192). Springer.
- Sjöberg, S. & Turunen, P. (2018). *Samhällsarbete: Aktörer, arenor och perspektiv* (1. utg.). Studentlitteratur.
- Sjöberg, S. & Turunen, P. (2022). Community work in Nordic welfare states in transformation: Directions, conditions and dilemmas. Editorial. *Nordic Social Work Research*, 12(2), 209–216. <https://doi.org/10.1080/2156857X.2022.2056812>
- SOU 2000: 1. (2000). *En uthållig demokrati! Politik för folkstyre*. Statens offentliga utredningar. <https://www.regeringen.se/rattsliga-dokument/statens-offentliga-utredningar/2000/01/sou-20001/>
- SOU 2020: 47. (2020). *Hållbar socialtjänst – en ny socialtjänstlag*. Socialdepartementet. <https://www.regeringen.se/rattsliga-dokument/statens-offentliga-utredningar/2020/08/sou-202047>
- Stadsmissionen. (2022). *Om social mobilisering*. Stadsmissionen <https://utbildning.stadsmissionen.se/socialmobilisering/#/id/602269915c4aa474cef219e6>

- Sudmann, T. & Henriksbø, K. (2011). Kollektiv handling skaper endring. *Fontene*, 12/11. https://fontene.no/mapper/Fontene-2011-11_side50-56.pdf
- Svendsen, I. K., Selbekk, A. S. & Sagvaag, H. (2012). *Energien i kaffepausene – OPEN SPACE som metodikk i utviklingsarbeid*. Universitetet i Stavanger.
- Svenska Stadskårnor. (2018). *Den svenska BID-modellen*. Svenska Stadskårnor. <https://www.svenskastadskarnor.se/var-bid-modell/>
- Sveriges Kommuner och Regioner. (2022). *Medborgardialog*. <https://skr.se/skr/demokratiledningstyrning/medborgardialogdelaktighet/medborgardialog.372.html>
- Turunen, P. (2004). *Samhällsarbete i Norden: Diskurser och praktiker i omvandling* [Doktorgradsavhandling, Växjö University Press].
- Turunen, P. (2009). Nordic community work in transition: A change toward diversity and reflexivity. I G. Hutchinson (Red.), *Community work in the Nordic countries: New trends* (s. 40–63). Universitetsforlaget.
- Turunen, P. (2013). *Deltagerdemokratiska och systemiske metoder för komplexa samhällsfrågor och samhällsentreprenørskap, ett komparativt perspektiv*. Institutionen för sociologi och arbetsvetenskap. Working papers. <http://hdl.handle.net/2077/34039>
- Turunen, P. (2020). Empowering community work in elastic-reflexive transformation – a Nordic perspective from Sweden. *ERIS Journal*, 20(4), 116–130.
- Twelvetrees, A. (2017). *Community development, social action and social planning* (5. utg.). Palgrave.
- Wang, C. & Burris, M. A. (1997). Photovoice: Concept, methodology, and use for participatory needs assessment. *Health Education & Behavior*, 24(3), 369–387.
- Warne, M. (2012). *Med våra ögon. En metodbok om photovoice*. Mittuniversitetet.

Appendiks

Tabell 6.1 Samandrag av spørsmål og svar frå den nettbaserte undersøkinga om: «Metodar for sosial utvikling og endring med fokus på kollektiv mobilisering». I studien vert kollektiv mobilisering presentert som når ei større gruppe menneske har same interesse eller problem, og arbeider saman for å få til sosial utvikling eller endring. Formåla kan variere alt frå lokale kvardagsaktivitetar, til førebyggjande arbeid, sosial berekraftig samfunnsutvikling til politisk organisering

Tema og spørsmål stilt til respondentane	Norske respondentar	Svenske respondentar
Kva type organisasjonar: (foreining, privat føretak, offentleg sektor, anna)	Kommunar, konsulentverksemd innan prosessleing -utvikling og metodebruk, Den norske kyrkja, områdesatsing.	Byutveklings-, bygdegårds- og kulturforeningar, kommunalt bostadsbolag samt kommuner (planeringsavdeling, socialtjantens forebyggjande enhet, kultur och fritid med fokus på områdesarbeite)
1. Kva er organisasjonens mål og oppgåver?	Ein open, synleg og nær organisasjon. Demokratisere arbeidet med å forma framtida. Bidra til kompetanseutvikling og gode arbeidsmåtar i verksemd. Gode og trygge oppvekstvilkår med utviklingsmoglegheit for barn og unge. Forvaltning og utvikling av utsette buområde. Auka mangfald og inkludering i kulturlivet. Kommunal forvaltning, teneste og samfunnsutvikling.	Hållbar samhøllsplanering. Främja demokrati, mänskliga rättigheter och kultur. Aktivera kulturliv och gemenskap. Utveckla byn som en attraktiv plats att bo och verka i med bibehållen service. Trygghet, trivsel och stärkt demokrati i samverkan. Bibehålla en bygdegård som samlingslokal för framtiden. Förebyggjande arbete för barn, ungdomar och deras föräldrar. Hyra ut bostäder. Mål som att minska segregation, eventuella fördomar och missuppfattningar preciseras i fråga två.
2. Kva for arbeidsmetodar brukar de i organisasjonen for å setja i gang sosial utvikling og forandring? Skriv namn på metodane de brukar/har brukt (til dømes slik som kafedialog/world café, open space, fotostemme/photo voice, framtidsverkstad, arbeidsbok, ABCD eller andre. (Vis gjerne til kjelder brosjyrar og nettsider, litteratur og manualar eller liknande).	Dialog, ABCD, «Use your talents», Community art, Instrumentelle og organiske metodar. Open space, Framtidsverkstad, kafedialog, Majorie Parkers metode, Adizes sin PEAI og Quinn et al. sine modellar, Canvas forretningsmodell, styrkebasert tilnærming, bebuarorganisering, tilrettelegging av gode bumiljø, etablera gode møteplassar og nærmiljøaktivitetar, Barnetråkk, fysisk oppgradering av bustader, workshops, ruslemaking, CampKåsa, ALLEMED-metodikk, LIVogLYST, metodar gjennom nettverk for aldersvennleg samfunn. fotostemme, medverknadsprosessar basert på borgardialog, pilotprosjekt som eksperimenterer med metodar, surveys, innbyggjarpanel (digitalt), ekspertgruppe, urban design.	Medborgardialog, fysiske och digitala dialogmöten, Maptionnaire (community engagement platform), Open space, framtidsverkstad, workshops, studiecirkel, teateroppsætningar, medskapande metoder, systemisk förhållningssätt och nya berättelser om områden, vykort frankerat, monter i köpcentrum, aktiviteter såsom arbete för att bibehålla service, hålla föredrag, filmkvällar med samtal, teaterskola, skrivgrupper etc., problem- och oppgiftshandtering med byborna, ideella krafter, samverkan, stadsdelsnätverk, nätverksmöte, våldpreventionsprogram MVP och programmet Agera tillsammans för barn, trygghetsvandringar, tjänstedesign och World Café. I två av svaren påpekades att inga särskilda metoder användes. I ett av svaren skrevs bland annat att «Vi använder inga särskilda metoder. Vi bearbetar i stället de problem eller oppgifter som bedöms särskilt angelägna på de sätt som kan fungera för den specifika oppgiften.»

3. Grunnge kvifor de brukar dei spesifikke metodane.	Metodane får i gang endring på ein demokratisk måte og til beste for den enkelte og fellesskapet. Metodane er i seg sjølv ressursmobiliserande og kollektivt mobiliserande, dei fungerer.	Att nå invånare og utgå från deltagarnas behov og önskemål kräver olika metoder och angreppssätt för delaktighet, gemenskap, medskapande, förebyggande arbete eller mobilisering. « <i>Vi väljer olika metoder utifrån syfte med förändringsarbete.</i> »
4. Brukar de fleire metodar samstundes? Om det er slik, kva for metodar og kvifor?	Ja, brukar fleire metodar samstundes og brukar ulike metodar på ulike stader, ei tilpassing skjer. Berre ein informant brukar sin metode i reindyrka form.	Både digitala och fysiska, beroende på åldersgruppen. Komplexa frågor förutsätter att olika metoder, perspektiv och övningar som blandas.
5. Tilpassar de metodane på nokon måte? Til dømes tilpassing til målgruppe, målsetting, tidsramme. Spesifiser gjerne korleis.	Metodane vert tilpassa lokale forhold, formål og tidsramme og menneska som deltek.	Ständigt lärande pågår: vi anpassar oss efter vad deltagarna efterfrågar. Syftet av metoden avgör. Även samverkanspartner utmanar i metodval och tankar om hur arbetet kan utvecklas.
6. Brukar de metodar som de sjølv har utvikla? Kva metodar er dette, og kvifor har de utvikla desse?	Digital versjon. Visjonsøvingar ved å gå fem år fram i tid. Brevskrivning. «Use your talent», basert på ABCD. Ruslemaking er eigenutvikla, etter inspirasjon frå «sensing, walking, belonging».	<i>Metoder låter lite stort i sammanhanget. Förslag «hissas och dissas» (stemme ut, stemme inn). «Unga kommunutvecklare» är vår egen modell i våra områdesarbeten.</i>
7. Kva metodar vil de beskriva som kollektivt mobiliserande?	Alle metodane er kollektivt mobiliserande. Metodane tek den enkelte på alvor, opnar for erfaringar frå fleire sider av livet og knyter erfaringane til handling. Folk vert mobilisert og mobiliserer igjen andre. I medverknadsprosessar og workshops kan folk sjølv ta pulsen på sitt eige lokalområde, sjå moglegheiter og potensial, medverka til større kreativitet og gode møteplassar.	<i>«Allt vi gör i syfte att utveckla byn kan sägas vara mobiliserande. Utan mobilisering av tillräckligt djupt engagemang och klarsyn går inget positivt att göra.» Medborgardialoger, aktivitet med dialog, kommunikation, engagemang, klarsyn, många aktörer i samverkan, nätverksbygge, trygghetsvandringar, social kollektivisering, ökar möjligheter till mobilisering.</i>
8. Kva er dei store samfunnsutfordringane i dykkar arbeid for tida?	Samfunnsutfordringane er mange, å ta vare på dei frivillige, å leva heile livet, hindre utanforskap, sikra mangfald, sikra deltakande og berekraftig utvikling, fysiske og psykiske helseutfordringar, sosial ulikskap, sosial forvitring, rus, kriminalitet, fattigdom, auka individualisering, reduksjon i offentlege tenester, pandemi.	Allt från barnfattigdom till miljöhot, ekonomiska klyftor, pandemier, ohälsa, fria skolvalet, politiskt klimat, resursbrist, brist på samhällsservice, ojämlikhet, boendesegregation, utanforskap, droger, gängkriminalitet, våld, sviktande föreningsliv, politiska klimatet kring människor som invandrar till Sverige, brist på intersektionalitet, svårigheten att engagera yngre, brist på glädje och hopp m.m.

(Fortsetter)

Tabell 6.1 (Fortsetter)

Tema og spørsmål stilt til respondentene	Norske respondenter	Svenske respondenter
9. Kva for teoriar og perspektiv ligg til grunn for arbeidet de gjer? Spesifiser kva for teoriar og perspektiv. Og skriv gjerne eit utfyllande svar.	FNs berekraftsmål. UNESCO og Future Literacy. Adam Smiths moralpsykologi. Aksjonsforskning. Menneskesynet/bibelsynet til kyrkja. Løysingsfokuserert tilnærming (LØFT). Heilskapstenking og ressursfokus (Adiez teori). Resiliens, folkehelse og berekraftig utvikling. Nettverksteori og sosial kapital. Førebygging. Ressurs og styrkebaserte perspektiv. Samskaping. Livskvalitet.	UN-habitas hallbarhetsmål, spacescapes, hållbarsertifisering, humanperspektivet på att alla är lika mycket värda, KASAM (begriplighet, meningsfullhet och sammanhang), systemiskt tänkande och lösningsfokuserad metod, lärande organisation (att se processen som lika viktig som målet), lyssnande, interseksjonalitet samt egna och andras erfarenheter. « <i>Nej, vi är praktiker och använder inte särskilda teorier. Däremot är vi mycket öppna för erfarenheter som andra har dragit.</i> »
10. a) Kva for resultat har de oppnådd ved bruk av metodane?	Gode resultat når metodane vert tilpassa og brukt fleksibelt, betre planlegging for berekraftig utvikling. Synleggjer dei unge som ressursar. Gode resultat for sosial utvikling, ressursar vert utløyst lokalt og skaper varige og treffsikre aktivitetar. Sosiale nettverk, gjensidig støtte og rettleiing, Medvit om kva folk saman kan oppnå. Samspel og samskapingstankegang.	« <i>Vi hoppas att våra verksamheter varit till mycket praktisk nytta och stöd för våra deltagare.</i> » Ökade kunskaper hos målgruppen om samhället fungerar, kontakter med myndigheter, fastighetsägare, arbetsgivare m.m., bibehållen samhällsservice, aktiviteter från läxhjälp till teaterföreställningar och gemensamma lokaler, samverkan, goda relationer, gemenskap, möjligheter till medborgarinflytande, jämställdhet, trygghet och förändring. Ständigt utvecklings- och förändringsarbete är nödvändigt.
10. b) Korleis kan metodane koma til nytte i praksis?	Metodane har eit stort potensial for å engasjera folk i å forma framtida. Dynamisk utviklingsfokus på nærmiljøet. Skaper eit levande, framoverlent, godt og trygt lokalsamfunn med positiv identitet. Ressursbasert tilnærming gjev synlege resultat i lokalsamfunna. Læring og overføringsverdi. Fremjar likskap og inkludering og den gode vilje og dempar konfliktnivå gjennom dialog. Enkle å forstå og gjennomføra, auka deltaking frå fleire.	Skapa en infrastruktur i ett område som ger förutsättningar för människor att mötas, kunna känna delaktighet, föra samtal i sitt lokalsamhälle, minska spänningsfält, inkludera samt reducera maktskillnader. Hyresgästernas förslag är viktiga och medtagna i förändringarna. « <i>Vad som krävs för att arbetet skall lyckas kan vara många saker och metoder men det arbetet vi beskriver här bygger på att finnas över tid och ha kontinuitet i arbetet och att samordnaren som har ansvar för arbetet har en bred kompetens som gör att de mest effektiva metoderna väljs för de olika insatserna.</i> »

11. Kva lærdom har de fått ved bruk av metodar for kollektiv mobilisering?	Der metodane vert synleggjort, blømer det frivillige arbeidet. Fleksibel og tilpassa bruk av metodar er det beste. Støtte er ein vedvarande og kontinuerleg prosess, blir fast rutine. Avhengig av både eldsjeler og ei brei mobilisering. Metodane for mobilisering og kartlegging må følgjast opp av konkrete prosessar og prosjekt. Ved å sleppa folk til kan det utrulege skje. Me treng metodar/tilnærmingar som byggjer bru mellom kommune/offentleg og grender/nærmiljø, god erfaring med bruk av vår modell for samskaping.	<i>«Vi har varit väldigt praktiskt inriktade och utgått mycket från deltagarnas önskemål och behov.» Öppenhet, tydlighet goda relationer, gemenskap och inkluderande arbetssätt är grundläggande. Områdesarbetets samordnarens kompetens är avgörande för resultatet i arbetet. Det behövs någon som har uppgift att väva ihop samverkan så att inte stuprören omintetgör möjligheterna. Förändringar som kommer underifrån tenderar att bli på «riktigt». «Vi visste egentligen inte att kollektiv mobilisering fanns, men det vi läst och lärt om de punkter som finns, stämmer så väl in på det vi lärt oss».</i>
12. Kva metodar kan utviklast vidare for kollektiv mobilisering og korleis?	Alle metodar bør og kan vidareutviklast. Nøkkelen til kollektiv mobilisering ligg i eit utstrekt og systematisert samarbeid med frivillig sektor. Å knyta mobilisering til strukturar kan gjera det mogleg å nå breitt ut, men kan også hindre at dei som ikkje tek del i desse, vanskelegare kan nåast.	Allt kan utvecklas. <i>«Om vi kunde göra en djupodlande utvärdering skulle det säkert kunna ge oss bättre insikter i vad vi borde satsa på för metoder.»</i> Det som upplevs hotande kan fungera starkt mobiliserande om man vågar prata om den. <i>«Iden om att ha en samordare i ett geografiskt avgränsat område som har som uppgift att samordna samverkan med förvaltningar och lokala parter med ett brett uppdrag att arbeta för trygghet och trivsel och demokrati tror jag kan utvecklas vidare.»</i> De boendes roll i arbetet kan utvecklas vidare, bland annat genom att Involvera unga som arbetar mot samma mål.